

Direktoratet for Naturforvaltning

Vår ref:  
2011/17076321/2012/

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
ASAM /Dato  
28.11.2012**VSP - Lom nasjonalparklandsby - anmodning om utbetaling 2012**

Viser til tilsegn om midlar frå verdiskapingsprogrammet og felles tiltaksplan for dei fem nasjonalparklandsbyane.

Lom kommune har hatt ein del utskifting av personell sidan prosjektstart og har hatt opp til seks forskjellige involverte / ansvarlege for prosjektet så langt. Dette har dessverre ført til ein del etterslep i forhold til tiltaksplanen i 2012 (og delvis 2011). Til trass for utfordringar i arbeidskapasitet og personell er mange tiltak er starta opp, og Landsbyrådet har no hatt fire møter i haust. Sidan tiltaksplanen for 2012 og 2013 følger kvarandre, vil mange av tiltaka starta opp i 2012 fortsette utover 2013. Vedlagt følgjer ei liste over tiltak vi har starta opp med / fullført, knytt opp til den felles tiltaksplanen.

Regnskapsoversikt med underskrift frå økonomiansvarleg og prosjektansvarleg ligg vedlagt. Det vart løyvd i alt kroner 240 000 til Lom nasjonalparklandsby i 2012, og desse er vist som «statstilskot». Unytta midlar reservert til uferdige tiltak er avsett på bunde driftsfond, og vil bli nytta i samband med fullføring i starten av 2013.

Eventuelle spørsmål kan rettast til undertekna.

Med helsing

Åshild Myhre Amundsen

*Åshild M. Amundsen*

**Postadresse**  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
**E-post:** post@lom.kommune.no

**Besøksadresse**  
Midtgard  
  
[www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)

**Telefon**  
61217300

**Bank**  
2085.07.00010  
**Org.nr**  
959377677



Rekneskapsrapport verdiskapingsprogrammet Lom – pr. 28.11.2012

Bruk av VSP-midler 2012:


|                  |                                     | Regnskap |
|------------------|-------------------------------------|----------|
|                  |                                     | 2012     |
| <b>Prosjekt:</b> | <b>45010 VSP-2012</b>               |          |
| 1140             | ANNONSAR/KUNNGJERINGAR              | 9 990    |
| 1141             | INFORMASJON                         | 26 300   |
| 1144             | PROFILERINGSMATR.                   | 9 550    |
| 1151             | KONFERANSER                         | 750      |
| 1370             | KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE        | 30 066   |
| 1429             | MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT       | 11 476   |
| 1550             | AVSETT TIL B.DRIFTSFOND             | 163 344  |
|                  | SUM UTG                             | 251 476  |
|                  |                                     |          |
| 1729             | KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT        | -11 476  |
| 1810             | STATSTILSKOT                        | -240 000 |
|                  | SUM INNTEKTER                       | -251 476 |
|                  | <b>Sum prosjekt: 45010 VSP-2012</b> | -        |
|                  |                                     |          |
|                  | <b>T O T A L T</b>                  | -        |

Oversikt over midlar brukt av Landsbyrådet til Lom nasjonalparklandsby, løyva frå Lom kommune (næringsfondet):

|                  |                                  | Regnskap        |
|------------------|----------------------------------|-----------------|
|                  |                                  | 2012            |
| <b>Prosjekt:</b> | <b>43011 LANDSBYRÅDET</b>        |                 |
| 1010             | LØN I FASTE STILLINGAR           | 144 772         |
| 1050             | ANNA LØN                         | 17 974          |
| 1090             | PENSJONSPREMIE KLP               | 21 013          |
| 1093             | ULYKKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING | 11              |
| 1099             | ARBEIDSGJEVARAVGIFT              | 11 771          |
| 1100             | KONTORUTGIFTER                   | 129             |
| 1117             | KOMMUNAL SERVERING               | 233             |
| 1129             | ANDRE DRIFTSUTGIFTER             | 6 389           |
| 1370             | KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE     | 5 334           |
| 1429             | MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT    | 2 256           |
|                  | Sum utgifter                     | <b>209 882</b>  |
|                  |                                  |                 |
|                  |                                  |                 |
| 1729             | KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT     | -2 256          |
| 1951             | BRUK AV NÆRINGSFONDET            | -207 626        |
|                  | Sum inntekter                    | <b>-209 882</b> |
|                  | Sum prosjekt: 43011 LANDSBYRÅDET | -               |
|                  |                                  |                 |
|                  | <b>TOTALT</b>                    | <b>-</b>        |

Attestert

Lom 28.11.2012



Torgeir Holø  
Økonomisjef



Åshild M. Amundsen  
Vikarierende næringssjef og lokal koordinator

| Tiltak jf. tiltaksplanen                          | Tiltak                                     | Tiltaksbeskriving                                                                                                                                                                                                                                                  | Kommentar                                                                                                                                                                                                                                              |
|---------------------------------------------------|--------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>2.2<br/>INFORMASJON<br/>OG<br/>PROFILERING</b> |                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Tiltak 1:                                         | Opptrykk og revidering av «Fotturar i Lom» | Før sesongen 2012 vart det trykt opp nye turkart av «Fotturar i Lom»: <ul style="list-style-type: none"> <li>- 3500 norske</li> <li>- 3500 tyske</li> <li>- 4500 engelske</li> </ul> Karta er veldig populære og distribuerast vidt. Ligg òg tilgjengeleg på nett. | Det har vore utarbeida ny kartskisse, og utover våren kjem vi til å arbeide med nye tekster og teikne inn ny stig. Når dette er klart vil vi skifte ut tavlene slik at dei er samanliknbare med karta, og trykke nye kart.<br>Arbeidet fortsett i 2013 |
| Tiltak 2:                                         | Revidering av Bergoms-runda                | Dei gamle Bergomsrunde-skilta er gamle og dårlege, og vi har no satt ned ei arbeidsgruppe til å arbeide fram nye tekster. Totalt må vi kjøpe inn 6 nye skilt + 4 i reserve                                                                                         | Dei nye tavlene vil ha lik utforming som dei under tiltak 1.<br><br>Arbeidet fortsett i 2013                                                                                                                                                           |
| Tiltak 3:                                         | Profilering                                | Innkjøp av profileringartiklar for å marknadsføre Lom som nasjonalparklandsby.                                                                                                                                                                                     | Landsbyrådet har vedtatt å kjøpe inn gjenbruksnett som skal delast ut gratis i varehandel, klistremerker og t-skjorter, alle med landsby-logo på.<br>Arbeidet fortsett i 2013                                                                          |
| Tiltak 4:                                         | Nasjonalpark magasin                       | Dette vart ikkje godkjent frå DN i 2012, men Lom fekk lov til å bruke midlar frå 2011 på dette tiltaket. Våren 2012 vart det trykt opp 20 000 magasin som vart distribuert ut via lokalavisa sitt sommarmagasin.                                                   | Fullført                                                                                                                                                                                                                                               |
| Tiltak 5:                                         | Profilering av nasjonalpark-landsbyen      | Opprette ei biletbaser med bileter frå alle årstider som kan brukast fritt av                                                                                                                                                                                      | Profesjonell fotograf er kontakta og har kome med eit                                                                                                                                                                                                  |

|                                   |                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                     |
|-----------------------------------|-------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                   |                                                 | kommune og næringsliv til å profilere landsbyen på nett, i brosjyrar osv.                                                                                                                                                                                             | kostnadsoverslag. Sjølv fotograferinga vil skje gjennom heile 2013.                                                                                                                                                                                 |
| Tiltak 6:                         | Infopakke og roll-ups til reiselivet            | Totalt 20 bedrifter har fått ei bokpakke relatert til nasjonalparkane våre, og roll-up som profilerer Jotunheimen, Reinheimen, Breheimen og Lom nasjonalparklandsby                                                                                                   | I samarbeid med Lom folkebibliotek.<br><br>Fullført.                                                                                                                                                                                                |
| <b>3. VERTSKAPSROLA</b>           |                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                     |
| Tiltak 7:                         | Vertskapskurs og innkjøp av vertskapst-skjorter | Eit regionalt vertskapskurs vart arrangert i mai 2012. Det er ynskjeleg å overføre midlar frå 2012 til å gjennomføre eit lokalt vertskapskurs i 2013. Vi er i gong med å kjøpe inn vertskaps t-skjorter med tittelen «Landsbyvert – spør meg» til utdeling på kurset. | Arbeidet fortsett i 2013                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>4. KOMPETANSE BARN OG UNGE</b> |                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                     |
| Tiltak 8:                         | Vidareutvikling av Rådyrtrakk                   | Norsk Fjellmuseum har fått oppdraget med å vidareutvikle naturstigen og har utarbeida ein ny prosjektplan med ei nyoppretta arbeidsgruppe. Vidareutviklinga skjer i samarbeid med Leif Vingelen sitt kompetanseprogram.                                               | Naturstigen Rådyrtrakk har vore tilgjengeleg for publikum i heile sommar, med merking og gratis brosjyrar. Naturstigen er fungerande i forhold til turistar, men må vidareutviklast for å kunne brukast i skulesamanheng. Arbeidet fortsett i 2013. |
| Tiltak 9:                         | Leikesatellitt / Bergomsrunda for born          | Det er utarbeida ei utkast til tavle på korleis «Bergomsrunda for born» skal sjå ut, denne vil bli jobba vidare med i arbeidet med Rådyrtrakk.<br><br>Skisse til klatrestativ som ein av fem leikesatellittar er                                                      | Føresett at bygge- og dispensasjonssøknad en blir positivt behandla skal leikesatellitten opp våren 2013. Jan Slålien i Aktiv i Lom har teikna skissa og skal utføre arbeidet.                                                                      |

|                                                         |                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|---------------------------------------------------------|----------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                         |                            | utarbeida, og utstyr delvis innkjøpt. Dessverre var det gjort litt dårleg grunnarbeid, og vi er no i gong med bygge- og dispensasjonssøknad for å få lov til å sette opp stativet.                                                                                                                                  | Arbeidet fortsett i 2013 (føreset at vi får løyve).                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>5. MILJØ</b>                                         |                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Tiltak 10:                                              | Miljøfyrtårn-sertifisering | Tilskotsordning har vorte annonsert i fleire nyheitsbrev, på heimesida, på ope møte og på sosiale medier, men dessverre utan mykje respons. Har også vore litt uklart frå DN kva ein faktisk kan støtte, men dette er i orden no. Ynskjer å arrangere kurset i bærekraft våren 2013 for å auke interessa for dette. | Fylkeskommunen gir inntil 10 000 i konsulentstøtte til reiselivsbedrifter, og vi har lagt oss på same nivå men har opna for andre bransjar. Pr. dags dato er det fire miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter i Lom, ei bedrift er i gong.<br><br>Arbeidet fortsett i 2013. |
| <b>6. ARRANGEMENT FOR Å MARKERE NASJONALPARK-STATUS</b> |                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Tiltak 11:                                              | Landsbydag                 | Det vart gjennomført landsbydag 5. mai, med m.a. guida turar, minikonsert, tur over Prestfosstraversen og landsbymeny på Fossheim. Annonsert i lokalavisa.                                                                                                                                                          | Fullført                                                                                                                                                                                                                                                               |

| <b>Tiltak gjennomført utanom den felles tiltaksplanen:</b> | <b>Tiltak:</b>               | <b>Tiltaksbeskriving:</b>                                                                                                               | <b>Kommentar:</b>                                                                                                   |
|------------------------------------------------------------|------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tiltak 12:                                                 | Landsbyvakt                  | Det har også i år vore løyva 60 000 til ei landsbyvakt i 20% stilling, som har pynta og rydda sentrum, merka og tilrettelagt stiger m.m | Veldig effektiv landsbyvakt og heilt naudsynt for å vedlikehalde og vidareutvikle turnettet. Vidareførast til 2013. |
| Tiltak 13:                                                 | Bru-prosjekt ved Lom camping | Bru ved Lom camping, som vil utvide Bergomsrunda og gjere større deler                                                                  | Har fått støtte frå Fylkeskommunen og manglar berre 400 000 til å få                                                |

|  |  |                             |                                                                        |
|--|--|-----------------------------|------------------------------------------------------------------------|
|  |  | av sentrum<br>tilgjengeleg. | fullfinansiert brua.<br>Usikkert om disse<br>midlane kjem på<br>plass. |
|--|--|-----------------------------|------------------------------------------------------------------------|